

Dialogkort vg2

Kapittel 12 Opplysningstid

Spørsmål

Forklar kvifor vi kan kalle tida på 1700-talet for opplysningstida.

Svar

For at samfunnet og verda skulle bli betre, måtte mennesket bruke fornufta si. Ein skulle spreie kunnskapen og bruke han til å skape eit betre liv og eit betre samfunn.



Dialogkort vg2

Kapittel 12 Opplysningstid

Spørsmål

Kva slags verdsbilde veks fram under opplysningstida?

Svar

Det mekaniske verdsbildet. Utviklinga og endringane som skjer, er mekaniske naturlover, ikkje noko ei guddommeleg makt, eller mennesket, kan påverke.

The image consists of a dense, diagonal grid of the word "intertekst" in a yellow, sans-serif font. The text is rotated approximately 45 degrees counter-clockwise. The grid is composed of many overlapping words, creating a textured, layered effect. The background is white, and the overall pattern covers the entire frame.

Dialogkort vg2

Kapittel 12 Opplysningstid

Spørsmål

Korleis skil dette verdsbildet seg frå synet kyrkja hadde?

Svar

Kyrkja meinte at jorda stod i sentrum av universet. Det var Gud som styrte utviklinga.



Dialogkort vg2

Kapittel 12 Opplysningstid

Spørsmål

Kva kjenneteiknar Ludvig Holbergs liv og dikting?

Svar

Han arbeidde hardt og blei professor i tre fag. Han skreiv mykje og reiste rundt i Europa.

The image consists of a dense, diagonal grid of the word "intertekst" in a yellow, sans-serif font. The text is rotated approximately 45 degrees counter-clockwise. The grid is composed of many overlapping words, creating a textured, layered effect. The background is white, and the overall pattern covers the entire frame.

Dialogkort vg2

Kapittel 12 Opplysningstid

Spørsmål

Kva er ein karakterkomedie?

Svar

Ein komedie er eit skodespel der ein gjer narr av karaktertrekk hos hovudpersonen.



Dialogkort vg2

Kapittel 12 Opplysningstid

Spørsmål

Forklar kort kva *Erasmus Montanus* handlar om, og kva slags opplysningstankar vi finn her.

Svar

Stykket handlar om ein student som kjem til heimstaden sin i bygda etter fleire år i hovudstaden. Der gjer han narr av dei dumme bøndene og jálar seg med kunnskapen han har studert seg til. Moralen i stykket er at det å misbruke kunnskap ikkje er å bruke fornuft.

The image consists of a dense, diagonal grid of the word "intertekst" in a yellow, sans-serif font. The text is rotated approximately 45 degrees counter-clockwise. The grid is composed of many overlapping words, creating a textured, layered effect. The background is white, and the overall appearance is that of a digital or printed pattern.

Dialogkort vg2

Kapittel 12 Opplysningstid

Spørsmål

Korleis skil Jeppe på Bjerget seg frå andre karakterkomediar Holberg har skrive?

Svar

Publikum får sympati med hovudkarakteren som det blir gjort narr av. Ein gjer narr av ein mann med låg sosial rang. Det var ikkje vanleg i karaktermediane.



Dialogkort vg2

Kapittel 12 Opplysningstid

Spørsmål

Kva slags andre tekstar var Holberg kjent for å skrive?

Svar

Han skreiv vitskaplege tekstar og essay. Dette var viktig for å skape ein offentleg debatt i Danmark-Noreg.

The image consists of a dense, diagonal grid of the word "intertekst" in a yellow, sans-serif font. The text is rotated approximately 45 degrees counter-clockwise. The grid is composed of many overlapping words, creating a textured, layered effect. The background is white, and the overall pattern covers the entire frame.

Dialogkort vg2

Kapittel 12 Opplysningstid

Spørsmål

Kva er sensur?

Svar

Sensur er at ein ikkje får lov til å publisere tekstar som kritiserer eller gjer narr av makta.



Dialogkort vg2

Kapittel 12 Opplysningstid

Spørsmål

Kva slags fridom var studentane i Norske Selskab opptatt av?

Svar

I tillegg til opplysningstida sitt ideal om fridom var studentane opptatt av kva nasjonal fridom kunne bety for Noreg.

The image consists of a dense, diagonal grid of the word "intertekst" in a yellow, sans-serif font. The text is rotated approximately 45 degrees counter-clockwise. The grid is composed of many overlapping words, creating a textured, layered effect. The background is white, and the overall pattern covers the entire frame.

Dialogkort vg2

Kapittel 12 Opplysningstid

Spørsmål

Nemn nokre eksempel på tekstar som medlemmene i Norske Selskab skreiv.

Svar

Dei skreiv humoristiske og ironiske drikkeviser. «Norges skål (For Norge, kjempers fødeland)» var ein uoffisiell nasjonalsong. «Smeden og bakeren» er eit døme på ein parodi på barokk dikting, ein kritikk av mangel på fornuft i samfunnet.



Dialogkort vg2

Kapittel 12 Opplysningstid

Spørsmål

Kva slags haldningar hadde fleire av opplysningsfilosofane til «folk flest»?

Svar

Folk flest burde ikkje få maktposisjonar i samfunnet, meinte dei. Det var dei ikkje klare for. Det var betre at dei som hadde kunnskap, styrte. Dei meinte at tankar om fornuft og fridom for folk flest skulle føre samfunnet gradvis framover, slik at fleire blei kunnskapsrike nok til å styre.

The image consists of a dense, diagonal grid of the word "intertekst" in a yellow, sans-serif font. The text is rotated approximately 45 degrees counter-clockwise. The grid is composed of many overlapping words, creating a textured, layered effect. The background is white, and the overall pattern covers the entire frame.

Dialogkort vg2

Kapittel 12 Opplysningstid

Spørsmål

Korleis kan ein hevde at Holbergs *Niels Klims underjordiske reise* er ein samfunnskritisk rekst?

Svar

I landa Niels Klim besøker, møter han folk, skikkar og tradisjonar som er annleis enn i samfunnet han kjem frå. Han prøver å forstå dette gjennom å samanlikne skikkane med det han er van med. Indirekte diskuterer han derfor kva eit godt samfunn er eller burde vere, og kva som kan vere feil med samfunnet han kjem frå.



The image consists of a dense, diagonal grid of the word "intertekst" in a yellow, sans-serif font. The text is rotated approximately 45 degrees counter-clockwise. The grid is composed of many overlapping words, creating a textured, layered effect. The background is white, and the overall pattern covers the entire frame.